

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.01.2019

Terje Søviknes (Frp) sette på vegne av A, Krf, Sp, SV, V, H og Frp fram slikt forslag.

Ny setning i pkt. 3.

.....usikre og ufullstendige. Stillingar som vert overført må vera i henhold til fylkeskommunen sine behov. Det er viktig å få kartlagt....»

Roald Kvamme (A) sette på vegne av A, Krf, Sp, SV, V, H og Frp fram slikt forslag.

«Siste setning i pkt. 2 vert teken ut.

Røysting

Innstillinga med Søviknes og Kvamme sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet i Hordaland har ikkje merknader til dei føreslegne tekniske endringane i ei rekkje lover som følgje av overføring av fylkesvegadministrasjonen frå Statens vegvesen.
2. Fylkesutvalet viser likevel til dei føreslegne endringane i veglova der den lovmessige reguleringa av Statens vegvesen si organisering blir fjerna. Det er også registrert at det vert vurdert nedlegging av regionvegkontora og ein framtidig divisjonsmodell. Den pågåande omorganiseringa av Statens vegvesen må ikkje føre til ei sterk sentralisering av etaten.
3. Fylkesutvalet vil understreke at overføringa av fylkesvegadministrasjonen vil medføre vesentlege omstillingskostnader, som pr i dag er usikre og ufullstendige. Stillingar som vert overført må vera i henhold til fylkeskommunen sine behov. Det er viktig å få kartlagt omstillingskostnadane ved overføringa og at desse kostnadane syner att i budsjetttrammene. Det må i tillegg vurderast korleis fordelinga av midlar mellom fylkeskommunane skal løysast frå 2020 og framover, inkludert om det er behov for overgangsløysingar.